

**Sakshandsamar:**

Siri Merete Nedland

E-post: Siri.Merete.Nedland@sfj.no

Tlf: 57 65 62 11

Vår ref.

Sak nr.: 11/5617-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

36904/11

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 19.12.2011

Det Kongelige Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO**Høyringsfråsegn – framlegg til endringar i opplæringslova, forskrifter til opplæringslova og i fag- og timefordelinga, organisering av skuleåret på Vg3**Innleiing

Kunnskapsdepartementet har i brev 2.11.2011 sendt på høyring eit framlegg til endringar i opplæringslova. Framlegget gjeld endring i organisering av undervisninga for Vg3 studiespesialiserande slik at:

- skuleåret vert delt i to periodar: ein periode for ordinær opplæring på 34 veker og ein periode med eksamen og førebuing til eksamen på to veker
- det skal ikkje vere ordinær opplæring i eller etter eksamensperioden
- skuleåret for vg3 studiespesialiserande vert på minst 36 veker (34 + 2), mot no 38 veker. Timetalet skal vere uendra.

Departementet legg til grunn for framlegga at dei ikkje skal utløyse justering av arbeidstidavtalane for lærarane og heller ikkje føre til auka kostnader for fylkeskommunane.

Kunnskapsdepartementet ber også om synspunkt på om ny organiseringa bør omfatte dei treårige løpa på yrkesfaglege utdanningsprogram; naturbruk, medium og kommunikasjon og Vg3 påbygging.

Departementet drøftar i høyringsbrevet to ulike modellar for ny organisering:

Modell 1: Modellen inneber at eksamen skal leggjast etter 23.mai og at all ordinær undervisning skal vere fullført før eksamensperioden byrjar. Kravet til minstetimetall vert etter denne modellen ivareteke.

Modell 2: Modellen inneber skriftleg eksamen før 17.mai, ordinær undervisning mellom skriftleg og munnleg eksamen og munnleg eksamen på same tid som i dag.

Framlegget til endringar i opplæringslova byggjer på modell 1.

Vurdering

Sogn og Fjordane fylkeskommune har handsama framlegget frå Kunnskapsdepartementet administrativt. Dei vidaregåande skulane har hatt høve til å kome med sine innspel. Av



tilbakemeldingane fylkesdirektøren har fått er det eit fleirtal som ønskjer å halde på dagens organisering av skuleåret.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å gje følgjande tilbakemeldingar på framlegga:

Ei utviding av skuledagen berre for elevane på Vg3 studieførebuande utdanningsprogram vil påverke skuleeigar si organisering av skuleskyssen. I Sogn og Fjordane er skuleskyssen samordna med grunnskulen. Ei kvar utviding av skyssen vil difor auka kostnader for skuleeigar. Fylkesdirektøren for opplæring er difor ikkje samd i Kunnskapsdepartementet si vurdering av at framlegget ikkje vil ha økonomiske konsekvensar for fylkeskommunane.

Ei komprimering av skuleåret på Vg3 studiespesialiserande vil ha konsekvensar og medføre praktiske utfordringar for skulane både når det gjeld timeplanane for elevane og lærarane sine arbeidsplanar. Fastsett timetal skal gjennomførast på 34 veker, før eksamensperioden startar. Dette vil også medføre større arbeidsbelastning i opplæringsperioden, både for elevar og lærarar.

Mange skular i Sogn og Fjordane underviser Vg2 og Vg3-grupper (i nokre tilfelle også påbygging til generell studiekompetanse) saman i programfag, der læreplanane opnar for dette. Med ny organisering av skuleåret for Vg3 fell denne moglegheita vekk, eventuelt vil elevar på vg2 få ledig tid etter at den komprimerte undervisninga er avslutta.

Konklusjon:

Fylkesdirektøren for opplæring er samd i at det er behov for å sjå nærare på organiseringa av undervisninga på Vg3 nivå og at modell 1 er den mest tenlege. Denne vil best leggje til rette for betre læringsutbyttet for elevane og samstundes gjere det enklare å oppfylle kravet til minstetimetall i faga. Fylkesdirektøren ønskjer likevel ikkje å leggje russefeiringa (delvis) til grunn for ei slik omlegging, slik departementet gjer i si vurdering av modellen.

Til spørsmålet om ei eventuell ny organisering også skal omfatte dei treårige løpa på yrkesfaglege utdanningsprogram; naturbruk, medium og kommunikasjon og Vg3 påbygging vil fylkesdirektøren svare eit absolutt ja. I tillegg vil fylkesdirektøren peike på at det er uheldig med ulike ordningar for studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram.

Med helsing

Bekka Skaasheim
fylkesdirektør

Siri Merete Nedland
teamleiar

Kopi som skriv til orientering: hovudutval for opplæring og dei vidaregåande skulane